

I gapet på ein venn

Ein flodhest er eit digert dyr med eit uhyggeleg gap. Høgre enn ein meter kan ein flodhest gape.

Ein flodhest kan dele ein kano i to med eit jafs. Flodhesten treng 70 kilo gras for å bli mett. Om dagen, når sola brenn, må flodhesten halde seg i vatn.

Karpa er ein fisk som leitar etter mat på flodhestkroppen. Karpa er ikkje redd, ho leitar òg etter mat inne i gapet på flodhesten! Fleire karper kan leite etter mat på den same flodhesten. Dei gir flodhesten full overhaling og gjer reint i munnhola og på kroppen til flodhesten.

Kvar dag har flodhesten og karpene det slik. Karpene blir mette, og flodhesten blir rein og fin.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 5B side 117.

Gjer oppgåvene 2, 3, 4, 8a og 8b.